

Mal: Avtale om bruk av utmark i Vinje kommune

1. Avtalepartar

A. Grunneigar

Namn:

E-postadresse:.....

Adresse:.....

B. Prosjektkoordinator

Namn:.....

Adresse:.....

Telefon: 35 06 23 00

C. Tilretteleggjar

Namn:.....

Adresse:.....

Telefon:

2. Avtaleområde:

Områdenamn knytt til Gnr..... Bnr.....

Avtala gjeld:

- Tursti. Med dette meinast ein trase som er rydda og med ei avgrensa grad av opparbeidning. Bruksbredde 1-1,5 m. Ryddebredde 2 m.

3. Føremål og omfang av avtala

Føremålet med avtala er å gje hytteigarar, turistar og innbyggjarar eit best mogleg tilbod om opparbeidde stigar for ferdsel sommar. Tilboden skal gje brukarane mosjon, rekreasjon og naturopplevingar. Avtala endrar ikkje det lovfesta og hevdvunne prinsippet om fri ferdsel. Rettar og plikter i tråd med denne avtala følgjer eigedommen i samband med eigarskifte, og seljaren har plikt til å gjera kjøparen kjend med avtala.

Tilrettelegginga skal skje etter avtale med grunneigar. Tiltaket skal føre til minst mogleg ulempe for grunneigaren si næringsmessige utnytting av eigedomen.

4.Rydding, merking og skilting

Tilretteleggjaren får rett til og har ansvar for rydding, merking og skilting av trasear. Dette omfattar normalt:

- Rydding av vegetasjon i traseen og mindre tiltak i grunnen (krattknusing, fjerning av stein og stubbar, klopping og steinsetjing) med en bruksbredde på inntil 1,5 m
- Kantsone mot vatn og vassdrag skal i størst mogleg grad bevarast
- Merking, som skal vere gjort etter innan 1 år. Merking/skilting skal være i tråd med merkehandboka «Skilting og gradering av turruter i fjellet i skogen og langs kysten»
- Informasjon om reglar knytt til bandtvang og omsyn til dyr på beite skal synliggjerast der det er behov og etter avtale med grunneigar.
- Klopper og bruer kan anleggjast. I områder der elvar og bekkar er beitegrenser for husdyr må bruer byggast med stengsel som hindrar husdyr i å passere.
- Etablering av bru er søknadspliktig etter PBL § 20-3

Kommunen skal kontaktast dersom terrengarbeid er av eit omfang som kan utløyse søknadskrav etter plan- og bygningslova. Det skal særleg visast omsyn til plantefelt og ungskog.

5.Vedlikehald

Tilretteleggjar får rett til, og har ansvar for, å vedlikehalde merkinga, traseen og dei innretningane som inngår i traseen. Tilretteleggjaren har ansvar for å rydde søppel langs traseen.

6.Skogsdrift og anna bruk av eigedomen

Grunneigarens næringsutøving blir ikkje avgrensa av avtala. Tilrettelegging skal utførast på ein måte som gjev minst mogleg skade på tre eller redusert skogproduksjon. Nyttbart virke skal fellast, kvistast, kappast og handterast etter rettleiing frå grunneigaren.

Traseen bind ikkje disposisjonsretten over eigedomen. Dersom grunneigar ønskjer å nytte området til andre føremål enn utmark (til dømes til utbyggingsområde), slik at vidareføring av tilrettelegginga ikkje er mogleg, må oppseiinga bli sendt til Vinje kommune 1 år før andre føremål skal setjast i verk.

7.Omlegging av stiar og løyper i avtaleperioden

I avtaleperioden kan både grunneigaren og tilretteleggjaren krevje at traseen blir lagt om når det er naudsynt av omsyn til grunneigaren. Slik omlegging krev semje mellom partane inkludera Vinje Kommune.

Grunneigaravtaler

Omlegging av tiltak krev ny eller justert avtale. Melding om ønskje om omlegging av trasear må koma til kommunen så snart som råd, slik at ein kan få retta opp løypene i kommunens kartbase.

Den som krev omlegging er den som har ansvar for arbeid og kostnadar med omlegginga.

8.Varigheit

Avtala gjeld i 10 år og blir fornya for 10 år om gongen dersom ingen av partane har sagt den opp eitt år før avtaletida gjeng ut. Avtala kan tinglysast.

9.Opphøyr

Når avtala er avslutta, pliktar tilretteleggjaren å fjerne anlegg, skilt og andre innretningar, dersom ikkje anna er avtala. Samstundes forpliktar tilretteleggjaren å avlyse tinglysing.

10.Tvistar

Eventuelle tvistar om forståinga av denne avtala skal avgjerast i samsvar med lov om tvistemål.

11.Spesielle tilhøve

Vedlegg

1: Kart over aktuelle område.

Signatur

Stad: _____, den: _____ - _____ - _____

Grunneigarar

Tilrettelegging/drift og vedlikehaldsansvarleg

Vinje kommune, prosjektkoordinator

Grunneigaravtaler

Tinglysing

Dersom partane finn det føremålstenleg, kan denne avtala tinglysast som hefte på gnr. _____
bnr. _____ på tilretteleggjaren sin kostnad.

Stad: _____, den: ____-____-_____

Grunneigar:

Tilretteleggjar:

Vinje kommune, prosjektkoordinator
